

Tilskot til hoppid.no-gründermobilisering 2017

Mål:

- Mobilisere fleire gode gründerar i Møre og Romsdal – og gjennom det auka bruk av nasjonalt etablerartilskot, og auka tilfang gode prosjekt til inkubatorar og næringshagar
- Ei betre og meir synleg gründerhjelp i Møre og Romsdal.
- **Kven kan søkje?**
- Aktørar i hoppid.no-nettverket og høgskular og universitet i Møre og Romsdal
hoppid.no- nettverket =hoppid.no-kontor/kommunar, landbrukskontor, kunnskapsparkar og næringshagar med samarbeidspartar.

Vilkår :

Tiltaket skal vere utadretta aktivitetar som er direkte retta mot målgruppa som bidrar til betre metodar for idefangst og betre oppfølging av gründerar i hoppid.no kommunane.

Tiltaket skal bidra til utvikling av økosystemet rundt gründeren gjennom styrka samhandling mellom aktørar i hoppid.no og andre eksterne aktørar som støttar opp om målet til hoppid.no.

Tiltaket skal stimulere til nye metodar for delekultur og tilgang på ressursar som gir et betre tilbod til gründerane i kommunane.

Tiltaket skal ha konkrete mål som auka idefangst, nye arbeidsplassar, auka aktivitet som bidrar til fleire inkubatorar og næringshage bedrifter.

Tiltaket skal bidra til læring og endring av eigen praksis og forbetring av gründerhjelpa hoppid.no i dei involverte kommunane

Tiltaket skal bidra til hoppid.no er meir synleg og at fleire potensielle nyetablerarar i kommunen er kjend med tenesta og tek kontakt.

Samarbeid utover kommunegrensar er ei føresetnad.

- Aktiviteten skal marknadsførast som ein del av hoppid.no, men må vere ein forsterka innsats, utover innhaldet i partnerskapsavtalen for hoppid.no.
- Søknad skal leverast på www.regionalforvaltning.no, og må innehalde ein prosjektbeskrivelse, plan for gjennomføring, kven som er samarbeidspartnarar, kostnadsoverslag, finansieringsplan og namn på kven som skal stå som søkjar og ansvarshavande for prosjektet.

Økonomi:

- Fylkeskommunen dekkjer inntil 50 % av kostnadane, avgrensa oppad til kr. 100 000 i tilskot for perioden 2016-2017
- Eige arbeid kan reknast som eigeninnsats, kostnadsrekna til 600 kroner per time.
- **Frist for innlevering på www.regionalforvaltning.no: 2. mai 2017**
- Politisk behandling i Regional- og næringsutvalet juni 2017

Kontaktperson: May Britt Roald, may.britt.roald@mrfylke.no Tlf 712 80 347 Tlf 466 96382